

ØYHOPPING

 2009



Solund – Bulandet – Værlandet

Reis med postbåtruta mellom mylderet av øyar og tronge sund i Solund!

Opplev idylliske Gåsvær og ta beina fatt i Bulandet der du kan vitje både tempark, utsiktspunkt og kunstutsal!

Reis med buss over den nye vegen, Nordsjøporten, mellom Bulandet og Værlandet, der 6 bruer bind dei mange øyane saman. Ein rundtur for deg som vil ha med deg alt!



FjordKysten

... våre små hemmelegheiter



SOLUND

Solund er øykommunen som ligg lengst vest i Noreg. Dette er også den einaste reine øykommunen i Sogn og Fjordane. Folketalet ligg i dag på rundt 900 og tyngda bur på hovudøyane Sula og Ytre Sula. Fiskeri er den største næringa i kommunen, medan Solund Verft er den største enkeltverksemda med sine 58 tilsette, inkludert leigearbeidarar og driv innan slippsetjing, vedlikehald, ombygging og reperasjon av skip. Solund er populær blant båtturistar med sin spanande skjærgard, og lokkar også mang ein friluftsglad og fiskeinteressert turist hit. Kommunen kan også skilte med dei vestlegaste øyane i Noreg, Utvær, eit populært dagsturmål i sommarsesongen.

GÅSVÆR

Gåsvær er ei av dei ytste øyane i Nord-Solund, og ligg vest i havet mellom Lågøyfjorden og Gåsværosen. Gåsvær ligg lagleg til fiskefelta og har truleg hatt handel i lang tid tilbake. I 1767 var her både gjestgjeveri og skjenkestove. Det siste århundret har folket livnært seg med fiske og jordbruk, og i vår tid også skyssbåtdrift og turisme. Den eldste delen på det særmerkte hovudhuset er frå 1700-talet, medan ein annan del er bygd av tømmer frå ei forlit seglskute.

BULANDET

Bulandet er eit av dei mest livskraftige fiskeværa i landet. I motsetnad til mange andre småsamfunn har folketalet her hatt ei positiv utvikling dei seinare åra. I dag er det om lag 270 fastbuande, som i hovudsak livnærer seg av ei moderne fiskerinæring. Bygda har mange servicetilbod, og kurs og samlingar i havkajakk. Sommarstid er Bulandet ein ynda stad for båtturistar og feriefolk i hytter og rorbuer. Namnet Bulandet kjem fra dei mange sjøbuene som var her.

VÆRLANDET

I Værlandet bur det ca. 200 innbyggjarar. Fiske og oppdrett er dei viktigaste næringsvegane, men reiseliv og eksport av høgkvalitets naturstein (grønsteinsbreksje) til Italia, er næringar i vekst. Nordsjøløypa er ei merka turløype tvers over øya. Sideløypa til utsiktspunktet Høgkletten er merka og sikra med kjetting. Værøyhamna er karakterisert ved sitt pittoreske sjøhusmiljø, og i Sørværet Naturreservat er det eit myldrande dyreliv der du på ein heldig dag kan sjå både sel, oter, nise, ørn og hjort. Likar du å vere aktiv er det fleire fine turstiar på Værlandet, og her er også vegen kort til den majestetiske Alden, også kalla den Norske Hesten, ein toppstur midt i havgapet som gir deg eit fantastisk panoramautsyn. Du kan også delta på rideturar og kajakkpadling.

RUTETIDER: Sesong: Mandag – fredag: 1. JUNI – 31. AUGUST

Askvoll	09.15 / 11.45	Ferje	Bergen	08.00	Ekspressbåt
Værlandet	10.30 / 12.40	Buss	Krakhella	10.15	Buss
Bulandet	10.45 / 12.55		Hardbakke	10.50	Postbåt
Bulandet	15.30		Gåsvær	12.30	
Gåsvær	16.00		Bulandet	13.30	
Hardbakke	17.20	Buss	Bulandet	15.50	Buss
Krakhella	18.20	Ekspressbåt	Værlandet	16.15	Ferje
Askvoll	19.05		Askvoll	17.40	Ekspressbåt
			Bergen	20.40	

Du kan også ta turen frå Nordfjord eller Sogn, med ekspressbåt via Askvoll og Rysjedalsvika.

BILLETTPRISAR: Frå Askvoll: V: kr. 592,- B: kr. 296,- H: kr. 453,-
Frå Bergen: V: kr. 1.173,- B: kr. 587,- H: kr. 744,-



Påmelding: Stiftinga Jensbua, tlf. 57 73 90 20, eller MS «Stjernesund» tlf. 97 79 59 89.
Meir informasjon på www.fjordkysten.no. E-post: stiftinga@jensbua.no





- 1 Lågøy (9 fastbuande), mekanisk verkstad
- 2 Litle Færøy (1 fastbuande), kystkultursenter
- 3 Tangenes (3 fastbuande)
- 4 Ytøy (ca 75 fastbuande), fiskemottak, notverkstad
- 5 Storøy (1 fastbuande)
- 6 Indrøy (3 fastbuande)
- 7 Oddekalv (2 fastbuande)
- 8 Gåsvær (14 fastbuande)

STEINSUND MARINESENTER

6924 Hardbakke

Rorbuer i vakre og lune omgjevnader i Solund.

- Opent heile året.
- Fiske- og sjøaktivitetar.
- Sløyserom, røykeomn, utegrill og tørkerom.

www.steinsund.no

Tlf. 57 78 72 52 / 97 57 51 17 • Faks 57 78 72 51 • E-post: info@steinsund.no

HJØNNEVÅG CAMPING – RORBUFERIE 6928 KOLGRØY

Nytt ferisesenter åpna juli 2007 i Hjørnevåg Ytre Solund. Campingplass med servicebygg. Cafe med alle rettigheter open kvar dag frå 21.06. – 23.08. 6 rorbuer av høg standard 6 (8) sengeplassar. Herav 2 rorbuer tilrettelagt for funksjonshemma. Båttulleige Øyen 18" med 25 HK motor. Fint uteområde med grillhytte, polarbad og sløyebu.



Tlf. 57 78 67 90 • Mobil 90 89 05 92 / 91 79 22 30
E-mail: post@eurocamping.no • www.eurocamping.no

DETTE OPPLIVER DU

Turen kan takast enten frå sør via Krakhella, eller frå nord via Askvoll, og korresponderer med ekspressbåten til/frå Bergen.

Kjem du frå sør med ekspressbåt til Krakhella, så går turen vidare med buss til Hardbakke, kommunesenteret i Solund. Bussen stoggar ved hamna, og der ligg «Stjernesund» klar til å ta deg med på postbåtruta mellom øyane i midtre Solund. Turen går stort sett i roleg farvatn og vi passerer trange sund og mange små øyskattar. Er vi heldige kan vi sjå både nise, kobbe og havørn! Båten stoggar der det er postlevering eller passasjerar som skal av den aktuelle dagen, men er ofte innom Lågøy, Little Færøy, Trørygrend og Indrøy. Postbåten er sjølve livsnerva for busetnaden på øyane, og knyter saman øyane med kommunesenteret. Sist på den ordinære postruta ligg det idylliske fiskeværret Gåsvær vest i havet.

På Gåsvær bur det i dag 14 fastbuande sommarstid. Folket her livnærer seg av fiske, skyssbåtdrift, landbruk og turisme. I tidlegare tider var her stor aktivitet med fiske etter laks, krabbe og hummar, og samling av ærfugldun. Jamvel eiga skjenkestove hadde Gåsværsamfunnet på den tida! I dag er Gåsvær ein eksotisk idyll for feriefolk og fiskeinteresserte, og kan huse opptil 20 gjestar i særprega ferieileigheiter. Anne Marie Gåsvær Færøy og familien ynskjer velkommen med enkel informasjon, og har kaffi og litt å bite i til sals for dei som ynskjer det.

Etter Gåsvær går turen vidare over eit stykke ope hav til Bulandet i Askvoll kommune. Her har du god tid til å rusle rundt på lett kuperte og asfalterte vegar. Du kan ta turen opp på Halsøyhågen og få deg eit overblikk over øyane, vitje Bulandet Temapark med utstillingar frå Bulandet i fortid og notid og ta deg eit godt måltid på Pernillestø eller på kaféen i butikken. Heilt her vest i havet er det også kunstusal, der du kan handle med deg eit minne frå øyturen om du har hug til det. Om du har lyst å vere litt aktiv, så kan du leige deg sykkel enten på butikken i Bulandet eller Værlandet, og sykle den nye vegen, Nordsjøporten, som går mellom Bulandet og Værlandet. Her er også fleire fine turløyper om du ynskjer å gå ein tur. Elles går turen vidare med buss til Værlandet, og deretter med ferje frå Værlandet til Askvoll, og frå Askvoll med ekspressbåt tilbake til startpunktet.

Ein eigen dagsturfaldar for Bulandet og Værlandet losar deg oversiktleg og trygt mellom dei ulike stadane. Denne tek du med deg frå båten, ferja, turistkontoret eller butikkane i Værlandet og Bulandet.



Turistinformasjon
Tlf. 57 73 90 20





Restaurant & Pub & Cafe



Ligg sentralt til i Hardbakke Gjestehamn.

Her kan du nyte forfriskningar og mat i eit vakkert og maritimt miljø!

Solund Brygge AS
6924 Hardbakke
Tlf. 91 37 63 25
Epost: post@solundbryggje.no
www.solundbryggje.no

”INTERNATET”

LEILIGHETSHOTELL I SOLUND
NYRENOVERT I 2009

TLF. 57 78 72 05 • WWW.INTERNATET.COM



**SKYSS-
BÅTAR**

M/S «Stjernesund»
28 pass.

M/S «Sulejet»
16 pass.

Organiserer turopplegg for deg i området Bergen – Florø



Mob. 97 79 59 89 • www.visitgaasvaer.com